Gjer det godt i Østerrike.

28.04.2016

G15 landslaget som starta kampen mot Mexico. Harald Nilsen Tangen fremst til venstre.

Harald Nilsen Tangen med sterke røter til Sanden og mykje slekt i Kvinnherad, har hatt ei flott turnering i Østerrike, etter at han debuterte i den første kampen mot Japan. Laget har har hatt ei stigande kurve resultatmessig. Etter å ha tapt på overtidsmål i den første kampen mot Japan, vart det først uavgjort mot Østerrike før dei slo Mexico 2 - 0 i ettermiddag.

Harald N. Tangen spela frå start då han debuterte mot Japan. Av tysk fjernsyn var han ein av to spelarar som vart framheva då laget tapte 4-3 på eit overtidsmål. Til den neste kampen mot Østerrike skifta landslagstrenar Gunnar Halle ut 9 spelarar, og Harald var dermed på benken frå start. Han kom inn ved pause, og etter at laget hadde lege under 2 - 1 ved pause, berga dei uavgjort.

-Vi gjorde tre bytter i pausa og startet andreomgang bedre. Vi presset bra, flytta opp laget og var tryggere med ball. Vi satt trøkk på dem og fikk et straffespark som et resultat av det. Resten av omgangen var vi best og vi kunne fort ha vunnet kampen, sa mellom anna landslagstrenar Halle om kampen til fotball.no. Han sa vidare at han var fornøgd med 2. omgang.
- Jeg er misfornøyd med prestasjonen i førsteomgang. Da var presset og aggressiviteten for dårlig. I tillegg mistet vi ballen for ofte. I andreomgang var vi mye bedre. Da justerte vi oss inn og leverte en veldig bra prestasjon.

I ettermiddag var Harald Nilsen Tangen tilbake i startellevaren då Norge møtte Mexico. Denne kampen vann Norge 2 - 0 etter 1 - 0 ved pause. Harald vart bytta ut i siste speleminutt like etter at laget hadde auka til tomålsleiing. Dermed er han ein av spelarane med absolutt mest speletid i turneringa så langt, og det er tydeleg at Gunnar Halle har stor tillit til ungguten.

Dette var siste kamp i det innleiande puljespelet før turneringa no held fram med sluttspelkampar. Norge skal no spela semifinale mot Slovenia. De finn god dekning av turneringa på fotball.no.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Magnus Kolstad/NFF